

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevernteneste i Lindås, Meland og Radøy

1. Samarbeidskommunar

Avtalen gjeld mellom Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune. Radøy kommune er vertskommune.

2. Rettsleg grunnlag

Samarbeidet om felles barnevernteneste er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova 28b.

3. Formål

Formålet med samanslåinga er å samle ressursane til eit kompetansemiljø for å yte gode barneverntenester. Samanslåinga er ein del av bygginga av Alver kommune der barnevern er utpeikt til å vere ein av tenestene som blir slått saman tidleg i prosessen. Felles barnevernteneste blir i innlemma i Alver kommune frå 01.01.2020.

4. Oppgåver

Samarbeidet skal utøve heilskapelege barneverntenester for samarbeidskommunane etter lov om barneverntenester mm.

5. Arbeidsgjevarforhold

Vertskommunen har fagleg ansvar for utføring av barneverntenestene i dei tre kommunane. Radøy kommune har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Felles barnevernteneste inngår i Radøy kommune sin driftsorganisasjon, og tilsettingar ved avdelinga skjer av det organ og etter dei retningslinjer som gjeld for vertskommunen.

6. Rapportering

Felles barnevernteneste skal rapportere om tenestene til kommunane etter administrativt fastsette rutinar.

7. Delegering av mynde

Kommunestyret i samarbeidskommunane delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernleiar i Radøy kommune.

Rådmannen i Lindås og Meland delegerer øvrig naudsynt mynde til rådmannen i vertskommunen, jf. kommunelova § 28-1b, punkt 3.

8. Økonomiske tilhøve

Budsjett for 2019 skal setjast opp med utgangspunkt i kvar kommune sitt driftsbudsjett for barnevernet for 2018, justert for normal pris- og lønsvekst. I tillegg skal det korrigerast for moglege endringar i vedtak knytt til tiltak i eller utanfor heimen (funksjon 251 eller 252).

Godkjent:

Kommunestyret i Lindås dd.ddmåå, Kommunestyret i Meland: dd.mm.åå, Kommunestyret i Radøy dd.mm.åå

Summen av dei tre budsjetta blir også budsjetttramme for Felles barnevernkontor for 2019. Radøy fakturerer Lindås og Meland i to terminar, mars og september, for deira del av budsjettet i samsvar med utgangspunktet ovanfor. Noka ytterlegare avrekning på kostnadene ved samarbeidet i 2019, vert ikkje gjort.

For prosjektperioden fram til 31.12.2018 skal Radøy innan 31.1.2019 utarbeida prosjektrekneskap, der netto kostnad for prosjektet vert fordelt på dei tre deltakarkommunane med 1/3-del flatt og 2/3-delar etter folketal.

9. Lokalisering

Felles barnevernteneste vert lokalisert til Knarvik. Det er planlagt lokalisering i Helsehuset i Knarvik når dette er ferdig.

10. Avtaletid og avtaleendring

Avtalen gjeld frå 01.12.2018 til og med 31.12.19. Avtalen kan ikkje seiast opp.

Mindre endringar i avtalen kan forhandlast og vedtakast av rådmennene i dei tre samarbeidskommunane. Prinsipielle endringar skal vedtakast av kommunestyra.